

Leveranserapport

Delprosjekt 12.4 Innkjøpssamarbeid med eksterne partar

Til: Astrid Lernes og Ingrid Kristine Holm Svendsen
Frå: Katrine Wilson, leiar delprosjekt, og Trond Amundsen

Dato: 19.09.2018

1. Bakgrunn og tilråding

Mandatet til denne delprosjektgruppa er:

- Prosjektgruppa skal kartleggje omfang av innkjøpssamarbeid med eksterne partar for HFK og SFFK
- Prosjektgruppa skal kartleggje interesse for fortsatt innkjøpssamarbeid hos kommunar i HFK og SFFK
- Prosjektgruppa skal vurdere innkjøpssamarbeid opp mot planar for regional utvikling og kommunal støtte i HFK og SFFK
- Prosjektgruppa skal leggje fram ei vurdering av eit eventuelt framtidig innkjøpssamarbeid og i tilfelle etter kva modell.

Bakgrunnen for dette delprosjektet er i hovudsak det sterke innkjøpssamarbeidet som finst i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane felles innkjøp (SFFI). Dei fleste kommunane lener seg tungt på dette samarbeidet for å dekke sine behov for rammeavtalar. Også elektronisk er dei knytt tett saman gjennom ehandel, felles system for elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy og eit felles elektronisk avtaleregister. I tillegg er dette sterkt forankra i innkjøpsstrategien til fylkeskommunen og er eit ledd i kva Sogn og Fjordane fylkeskommune «er». Det var derfor behov for å avklare om, og i tilfelle korleis, dette samarbeidet skulle fortsette.

Hordaland har ikkje i same grad ein tradisjon for å drive innkjøp for kommunane. Det finnst likevel nokre innkjøpssamarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar i Sunnhordland og Hardanger. I tillegg har Hordaland eit innkjøpssamarbeid med NDLA.

1.1. Tilråding og oppsummering

Gruppa tilrår å tre ut at innkjøpsamarbeidet i Sogn og Fjordane.

- Samarbeidet blir for stort og uhandterleg for effektiv administrasjon
- Samarbeidet blir så stort at det lett kan stenge ute mindre aktørar og slik hindre konkurranse
- Samarbeid slik det ligg føre nå, er reint administrativt. Det ligg ikkje til det fylkeskommunale nivået å gjere administrative oppgåver for kommunane

Gruppa tilrår at samarbeidet med NDLA fortsetter

- NDLA er organisatorisk tett knytt til fylkeskommunen
- NDLA tener et fylkeskommunalt behov

Gruppa tilrår at samarbeidet Hordaland har med nokre kommunar vert avslutta i noverande form

Gruppa tilrår at samarbeid med Regional-/Næringsavdelinga og kommunane vert styrka

- for å bli betre på leverandørutvikling, til dømes gjennom leverandørkonferansar, leverandørkurs og innovative anskaffingar
- for å bidra til og kompetanseheving og kompetansedeling i kommunane

2. Kartlegging: omfang av innkjøpssamarbeid med eksterne partar for SFFK

2.1. Kva kommunar som er med i samarbeid

Alle kommunar unntatt Hornindal kommune er med, altså 25 av 26. Hornindal kommune skal slå seg saman med Volda kommune og går difor ut av fylket. Også Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane, Difi og Sogn og Fjordane Energi er med i samarbeidet.

2.2. Finansiering og avtaleform

Alle kommunar betalar ein fast kontingent som vert regulert årleg. Kostnaden er fordelt 75 % etter folketal og 25 % likt. For dei ikkje-kommunale føretaka er prisen satt etter skjønn. Totalprisen er også satt skjønnsmessig mange år attende i tid. Flora kommune utfører konkurransar på vegne av SFFI i staden for å betale inn sin del. Fylkeskommunen fekk i 2017 inn 1 583 191 kr frå samarbeidspartane.

Avtalen er regulert gjennom ein avtale signert av rådmann med tilhøyrande retningslinjer. Desse vart oppdatert hausten 2014. Samarbeidet skal formelt sett styrast at KS rådmannsforum. Dette vert i praksis ikkje gjort.

2.3. Avtaleportefølje

Tabellen under viser kva kommunar som er med på kva avtaleområder. NB: Tabellen er under stadig oppdatering grunna nye konkurransar, men gjev likevel eit bilete av omfang.

Tal kommunar	Ardal	Vagsoy	Vik	Stryn	Solund	Sogndal	Selje	Naustrål	Lærdal	Luster	Lekanger	Jostedal	Høyanger	Hylestad	Homindal	Gulen	Gloppen	Gaular	Førde	Flora	Fjaler	Eid	Bremanger	Bjævestrand	Aurland	Askvoll	Avtalen gjeld	
12		ja	ja	ja		ja		ja			ja		ja						ja	ja	ja		ja		ja		Biladministrasjon	
8			ja			ja	ja	ja		ja		ja						ja	ja									Kontroll av utsals- og skjenkestader for alkohol
11			ja			ja		ja		ja		ja	ja	ja					ja	ja				ja		ja		Kommunale låneoptak
20	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja		ja	ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Tolketenster
24	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Transportordning for biblioteka
8	ja		ja			ja			ja	ja	ja													ja	ja		Farmasøytisk tilsyn	
12	ja	ja	ja	ja			ja		ja					ja		ja					ja	ja	ja			ja	Helsevikarar	
8	ja		ja			ja			ja	ja	ja														ja	ja		Bedriftshelseteneste Sognekommunar
18	ja		ja		ja	ja		ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Forsikringsmekling
10	ja		ja	ja		ja			ja	ja	ja					ja						ja	ja	ja	ja	ja		IKT utstyr og tjenester, videokonferanseutstyr
16	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja		Elektriske artiklar og lyskjelder
17	ja		ja			ja		ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja			ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Storkjøkken - småutstyr
16	ja		ja			ja		ja	ja		ja	ja	ja		ja			ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Storkjøkken - teknisk utstyr
13	ja		ja			ja	ja		ja		ja				ja			ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Læremiddel til skular
21		ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Kontor/datarekvesita/kopipapir skulemateriell
9			ja	ja		ja				ja							ja					ja	ja	ja	ja			Rammeavtale for multifunksjonsmaskiner
9	ja	ja	ja			ja						ja					ja			ja	ja			ja				Kjøp av trykkeritener
24	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Matvarar
18	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Senger med std madrass og nattbord, samt tilbehør/ delar, og
18	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja		ja	ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Trykkavlastningsmadrasser med tilbehør
16	ja	ja	ja			ja	ja		ja		ja	ja	ja				ja	ja	ja	ja	ja		ja		ja	ja	ja	Gass
18	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja		ja	ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja			ja	ja	Personløftarar, forflytningshjelpemiddel, ADL hjelpemiddel
24	ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Kjøp av medisinske forbruksvarer
24	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Møbel og inventar
15			ja	ja		ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Olje og drivstoff
15			ja	ja		ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Olje og drivstoff. Bulklevering
16		ja	ja	ja	ja	ja	ja		ja			ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Hotell
5		ja		ja		ja	ja		ja		ja	ja	ja							ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja		Vaskeritener i Nordfjord
22	ja	ja	ja	Ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Reinhaldsartiklar
3						ja				ja															ja			Intern datakommunikasjon og små internettaksessar
26	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Telefoni
18		ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Kjøp av adresseskilt mm
11			ja			ja		ja	ja			ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	VVS - VA og industrivarer og utstyr
3		ja		ja																			ja					Varmesentraler med varmpumpe vatn til vatn
16		ja	ja			ja		ja		ja	ja		ja		ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	ja	Forvaltning av elektrisk kraft
9						ja		ja		ja	ja		ja		ja				ja			ja	ja					Arbeidsklede
3		ja									ja						ja											Avisannonsering

2.4. Rolla til fylkeskommunen/form på innkjøpssamarbeid

Fylkeskommunen tar ein aktiv rolle i både å gjennomføre konkurransar, følgje opp konkurransar, administrere ehandel og KGV (elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy). Fylkeskommunen hjelper også med individuell rådgjeving ved store konkurransar.

2.5. Årsak/behov for å samarbeid

- Mange små kommunar som ikkje har moglegheit til å ha sine egne innkjøpsorganisasjonar.
- Samarbeid har gjort mogleg ønskja samfunnsutvikling, til dømes utbygging av nett.

2.6. Andre innkjøpssamarbeid i fylket, kva kommunar er ikkje med på noko anna samarbeid

Det finst ikkje andre innkjøpssamarbeid i fylket. Flora kommune har ein innkjøpsorganisasjon med to, snart tre tilsette. Dei driv også i praksis ein del rådgjeving mot dei andre kommunane.

3. Kartlegging: omfang av innkjøpssamarbeid med eksterne partar for HFK

3.1. Samarbeid med kommunar

HFK har innkjøpssamarbeid med nokre av kommunane i fylket, og på nokre avtalar. Samarbeidet er ikkje forpliktande for nokon partar, men fylkeskommunen spør kommunane om dei ønskjer å vere med på dei fellesavtalane kor dette er naturleg. Fylkeskommunen tar ikkje vederlag på tenestene sine.

Under følger ein oversikt over kva kommunar som er med på kva samarbeid.

Kommune	Avtalar
Bømlo	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita, hotell og renholdsmidler og utstyr
Fitjar	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita, hotell og renholdsmidler og utstyr
Stord	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita, hotell og renholdsmidler og utstyr
Kvinnherad	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita, hotell og renholdsmidler og utstyr
Tysnes	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita, hotell og renholdsmidler og utstyr
Eidfjord	Gass, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr
Jondal	Gass, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr
Odda	Gass, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr
Ullensvang	Gass, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr
Ulvik	Gass, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr
Voss	Gass, MFP-maskiner, skulemateriell og kontorrekvesita og renholdsmidler og utstyr

HFK har kartlagt interessa blant dei kommunane som per. 1.5.2018 har innkjøpssamarbeid med fylkeskommunen. Samtlege kommunar ønskjer eit fortsatt samarbeid med fylkeskommunen.

3.2. Samarbeid med NDLA

NDLA betaler årleg kr 800 000 til fylkeskommunen for å nytte fylkeskommunen si innkjøpsfaglege kompetanse. I praksis vil dette seie at dei er med på felles avtalar som gjeld på tvers av sektorane. Dei får også bistand til å gjennomføre konkurransar som berre gjeld NDLA ved behov.

NDLA er nært knytt til fylkeskommunen både organisatorisk og lokasjonsmessig. Dei inngår som ein naturleg del i innkjøpsmiljøet slik det er i fylkeskommunen i dag. Vidare, dekker NDLA eit behov som er nært knytt til det fylkeskommunale behovet for digitale læremiddel.

4. Kartlegging: Interesse for fortsatt innkjøpssamarbeid hos kommunar i HFK

HFK har kartlagt interessa blant kommunane ved å sende ut ein e-post til alle kommunar som inngår i eit innkjøpssamarbeid med HFK i dag. Målet var å finne ut følgande:

1. Kartleggje kva for avtalar HFK samarbeider med kommunar og i kva grad.
2. Undersøke blant desse kommunane om det er interesse for eit fortsatt samarbeid i ny region og kva form eit slik samarbeid bør ha.

Kommunane i Hardanger skriv at dei har 1,5 årsverk fordelt på 5 kommunar per i dag, og at dei er villige til å betale noko for å vere med på eit framtidig innkjøpssamarbeid. Kommunane i Sunnhordland ønskjer òg eit framtidig samarbeid i liknande form som i dag.

5. Kartlegging: Interesse for fortsatt innkjøpssamarbeid hos kommunar i SFFK

SFFK har kartlagt interessa blant kommunane på følgjande måte:

1. 1. mars: Drøfting av tema for KS rådmannsforum (eit utval av rådmenn i fylket). Vart samde om påfølgande punkt.
2. 24. april: Samling med innkjøp i alle kommunane. Her vert tema løfta og diskutert. I tillegg vert det henta inn presentasjonar frå andre innkjøpssamarbeid (Øvre Romerike) for å få idear for korleis det går an å samarbeide på andre måtar.
3. 24. mai: På dagsorden til kommunekonferanse med ordførarar, rådmenn og andre leiarar.


Signala frå kommunane er at det er ønskjeleg at fylkeskommunen fortset å ha vertsrolla i samarbeidet og at dette har fungert bra. Dersom fylkeskommunen vel å trekke seg ut, vil kommunane truleg vende seg til Flora kommune, den einaste kommunen som allereie har eit innkjøpsmiljø, og be dei ta over rolla som fylkeskommunen har hatt. Flora kommune har stilt seg positive til dette.

6. Vurdering: Innkjøpssamarbeid opp mot planar for regional utvikling og kommunal støtte

Kommunal- og moderniseringseringsdepartementet fekk i 2015 utarbeida ein rapport om samfunnsutviklarrolla til regionalt folkevalt nivå. Figuren under samanfatar dimensjonane.¹

1

https://www.regjeringen.no/contentassets/98e85f1aca7c4d4d9393506ee3e165bc/samfunnsutviklerrollen_regionalt_folkevalt-niva.pdf s. 5



Figuren over viser at den regionale samfunnsutviklarrolla omhandlar tre områder:

1. Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga
2. Mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
3. Samordne og koordinere offentlig innsats og verkemiddelbruk.

Vi vil i det vidare sjå på korleis det eksisterande SFFI-samarbeidet passar inn i dei ulike dimensjonane, og korleis ein eventuelt kan utforme ei ny rolle for den nye fylkeskommunen innanfor innkjøp som er betre i tråd med dei forventningane som ligg i samfunnsutviklaromgrepet.

Gi strategisk retning til samfunnsutviklinga

Å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga betyr i denne samanheng å nytte den posisjonen som leiar av innkjøpssamarbeidet til å påverke kva typar avtaler fylkeskommunen inngår og på kva vilkår slik at dei går over eins med fylkeskommunen sine overordna strategiar. Ein kan til dømes sjå føre seg at fylkeskommunen som leiar av innkjøpssamarbeidet vil kunne styre kva klimakrav som stilles til leverandørar, og slik eventuelt overstyre kommunane sine mindre ambisiøse mål.

Å nytte innkjøp til å oppfylle ei slik rolle vil vere ressurskrevjande då det krevst kontinuerleg kontakt med deltakarane i innkjøpssamarbeidet for å forankre strategiane. Samtidig har ikkje fylkeskommunen noko formell makt til å påleggje kommunar til å føye seg etter dei strategiane som vert sett av fylkeskommunen. Det kan og tenkast at kommunane synast denne strategien er vel overstyrande. Eit alternativ vil vere å ha eit mindre forpliktande samarbeid der konkurransar som er særleg relevante, slik som straum eller forsikringsmeklar, vert lyst ut etter fylkeskommunen sine strategiar og kor den einskilde kommune sjølv må vurdere om dei vil delta i konkurransen eller ikkje.

For å kunne oppfylle denne dimensjonen vil ein måtte sette av tilstrekkeleg med ressursar til å kunne drive eit aktivt arbeid ut mot deltakarane i innkjøpssamarbeidet. Ein vil og måtte sjå på om ein mindre forpliktande organisering enn dagens vil vere føremålstenleg. På den andre sida vil det vere vanskeleg for fylkeskommunen å nytte innkjøp til å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga viss ein ikkje er leiar og administrerer innkjøpssamarbeidet. Ein kan for eksempel tenkje seg at prisen å drifte eit innkjøpssamarbeid er prisen ein må betala for å ha ei rolle som gir moglegheit til å stake ut kursen for seg sjølv og deltakarane i innkjøpssamarbeidet.

Mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn

I dimensjonen som går på mobilisering nemnes mellom anna følgjande aktivitetar:

- mobilisere ressurskontrollerande aktørar
- stimulere til samarbeid, etablere arenaer og møtestader
- nettverksnode: fasilitere, etablere arenaer kor aktørar koplaster.
- insentivordningar som bygger opp kring den valte retninga.

Her fokuserer ein mykje meir på fylkeskommunen som nettverksleiar i regionen. Fylkeskommunen skal som regional samfunnsutviklar sette mål og nå dei ved å samle relevante aktørar og leggje opp insentiv til å jobba saman sjølv utan formell makt til å påleggje dei å samarbeide. Dette er ei rolle som krev at ein er ute å snakkar med folk og lagar til samlingspunkt.

Å i større grad fokusere på denne delen av samfunnsutviklerrolla vil kunne la seg kombinere med å avvikle innkjøpssamarbeid, men det vil og la seg kombinere med eit fortsatt samarbeid. Behovet for å samle relevante beslutningstakarar vil etter vårt syn alltid vere der.

Eit større fokus på nettverk-/arenabygging og avvikling av det formelle samarbeidet vil vere ein mogleg veg framover. Ein vil som nettverksnode og nettverksleiar i en viss grad ha moglegheit til å påverke dei strategiske vala til deltakarane.

Samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Det offentlege er ein betydeleg etterspørjar i vår region. Ved å nytte offentlege innkjøp strategisk vil ein kunne både få betre tenester levert til det offentlege, men ein kan og bidra til vekst i næringslivet. Ved å ha eit samarbeid om offentleg innkjøp, vil fylkeskommunen vere med å bestemme kva ein skal kjøpe og frå kven. Ved å forankre desse avgjerslene i regionale planer vil ein kunne få eit verktøy som både utviklar næringslivet og som førar til auka innovasjon i offentleg sektor.

7. Omtale av innkjøp i planar for regional utvikling og kommunal støtte i SFFK

Regional plan for verdiskaping (Verdiskapingsplanen) vart vedteken i fylkestinget i Sogn og Fjordane den 11. juni 2014. Verdiskapingsplanen er fylket sin plan for regional utvikling og har satt folketalsutvikling som hovudmål. Ved ein gjennomgang av planen ser ein at innkjøp i liten grad er omtalt som eitt verkemiddel for å nå dei måla som planen set. Vi vil i det vidare kort kommentere dei gongane innkjøp vart nemnd.

- s. 12: Innkjøp som overordna ramme/premiss for næringsutvikling
- s. 25: Kommunal næringsutvikling: omhandlar kurs i innkjøp mot kommunar
- s. 32: Offentlege kompetansemiljø som leverandør av kunnskapsbaserte tenester

Konklusjon: Innkjøp lite omtalt i regional plan for verdiskaping ut over dei få punkta som er nemnt over.

8. Vurdering: Innkjøpssamarbeid opp mot planar for regional utvikling og kommunal støtte i HFK

Regionalavdelinga i Hordaland har komme med følgjande innspel:

Spørsmål om innkjøpssamarbeid med eksterne har vore drøfta i leiargruppa i Regionalavdelinga.

Regionalavdelinga meiner at Vestland fylkeskommune bør utnytte innkjøpssamarbeid med kommunane som instrument for rolla som regional utviklingsaktør, mellom anna gjennom grøne innkjøp, andre innovative innkjøp og leverandørutvikling. Det er ikkje tidskritisk å ha dette på plass før 1.1.2020.

Regionalavdelinga er kjent med følgjande eksisterande regionale planar der dette temaet er omtalt:

Regional planstrategi: M.a. styrke konkurransekrafta til miljøvenlege transportformer

Klimaplanen/miljøhandlingsplanen: Aktivt fremme klima- og miljøomsyn gjennom offentlege innkjøp.

Næringsplanen: stille krav om lærlingar i bedrifter som leverer tilbod

9. Vurdering og anbefaling av eventuelt framtidig innkjøpssamarbeid

Eitt stort innkjøpssamarbeid kan gjere at den nye fylkeskommunen betre oppfyller rolla si som regional samfunnsutviklar:	På den annan side:
<p>Eit innkjøpssamarbeid samansett av både fylkeskommunen og kommunar, men styrt av fylkeskommunen, vil gje fylkeskommunen moglegheit til å stake ut kursen og ha større gjennomføringsmakt for eigne strategiar forankra i regionalplanar.</p> <p>Det å ha eit samarbeid i botn vil vere eit nettverk der arbeid som regional utviklar kan nyttast.</p> <p>Fylkeskommunen prøver å få fleire oppgåver. Det gir lite mening å leggje ned oppgåver fylkeskommunen allereie har.</p>	<p>Rolla som regional utviklingsaktør blir vel så godt ivaretatt ved å samordne, skape møteplassar for kompetanseheving, lage felles konferansar mm. Dette gjeld særleg miljø, innovasjon og leverandørutvikling.</p> <p>Den nye fylkeskommunen kan drive meir målretta leverandørutvikling til dømes gjennom</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kurs for leverandørar - Leverandørkonferansar - Kurs for offentlege oppdragsgjevarar <p>Dette kan skje gjennom samarbeid med til dømes Innovasjon Norge og NHO. Kommunane kan på denne måten faktisk få meir hjelp med å drive leverandørutvikling enn dei har fått til nå.</p> <p>Innkjøpssamarbeidet slik det fungerer i dag er ein administrativ støtte for kommunane. Det å ta over den administrative jobben for kommunane er ikkje den beste måten å ivareta regionalutviklarrolla.</p> <p>Fylkeskommunen treng ressursar til eigne utviklingsprosjekt. Desse kan komme kommunane til gode på andre måtar enn gjennom administrativ støtte til konkurransar.</p> <p>Det viktigaste er å ha eit nettverk av innkjøpsorganisasjonar i regionen som ein kan nytte seg av. Det å drifte eit innkjøpsamarbeid for å få tilgang til eit slikt nettverk, er ein dyr inngangsportal som ein fint kan få tilgang til utan å gjennomføre tunge administrative jobb for kommunane.</p>
<p>Ved å samle innkjøpsfunksjonar for både kommunar og fylkeskommunar vil ein kunne byggje opp større fagmiljø, som vil kunne levere betre fagleg kvalitet på tenestene enn den einskilde kommune.</p>	<p>Eit innkjøpssamarbeid av den storleiken krev mykje administrativ kapasitet. Det går mykje tid i samhandling/avklaring/planlegging med kommunane. Det er lett for at dei overordna strategiske vurderingane vert nedprioritert på grunn av dette.</p>
<p>Innkjøp i kommunar endar ofte opp med priskonkurranse. Kanskje fylkeskommunen som stor regional aktør og leiar i eitt større innkjøpssamarbeid kan få kommunane til å heve blikket og gjere fleire innovative innkjøp.</p>	<p>Fylkeskommunen har ikkje mynde over kommunane, og kan ikkje styre deira behov og organisering. Kommunane har vidare store behov (sjukeheimar, skular og barnehagar) som ikkje har samanfallande med fylkeskommunen.</p>
<p>Det er sannsynleg at ein vil kunne oppnå stordriftsfordelar ved ei slik organisering. Dette gjeld særleg store nasjonale aktørar, der storleik vil gi oss større gjennomslagskraft både ved konkurransegjennomføring og avtaleoppfølging.</p>	<p>Dette gjeld truleg ikkje for store deler av dei områda kommunane og fylkeskommunen driv kjøp. På grunn av samanslåing blir vi enda større, behova vil sprike i enda større grad og koordineringsjobben vil bli enda større.</p> <p>Jo større samarbeidet, jo større kontraktar, jo vanskeligare vert det for små bedrifter å levere tilbod på dei større kontraktane.</p>
<p>Det er ønskje om eit innkjøpssamarbeid blant kommunane.</p>	<p>Kommunane og fylkeskommunane har grunnleggjande forskjellige behov noko som gjer at eit innkjøpssamarbeid ikkje er så effektivt som ein kanskje skulle tru.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunane har ulike strategiar (nedfelt eller uformelle) som gjer det vanskeleg å ta ut

	<p>stordriftsfordelane. Ofte ender vi opp med avtalar som prøver å ivareta alle behov.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lettare å drive god leverandørutvikling når behovet og avtalene er meir spissa
--	---

9.1. Konklusjon/tilråding

Gruppa anbefaler at fylkeskommunane trer ut av innkjøpssamarbeida slik dei eksisterer i dag. Per i dag er det ikkje nok kapasitet til å nytte samarbeidet strategisk, slik at det først og fremst blir ein administrativ støtte. Grunna ulike behov og prioriteringar hos fylkeskommune og kommune er det vanskeleg å spisse avtalene slik at dei blir best mogleg. Dette er ikkje til hinder for at den nye fylkeskommunen og omliggande kommunar/innkjøpssamarbeid kan samarbeide på einskildavtalar, slik som til dømes straum. Dette er ikkje uvanleg elles i Noreg.

Gruppa anbefaler vidare at kompetanseheving i kommunane og utvikling av leverandørmarknaden skal skje i større grad enn i dag, og at dette bør skje i tett samarbeid med Næringsavdelinga/Regionalavdelinga. Dette vil vere ein meir spissa måte å løyse regionalutviklarrolla som den nye regionen er tiltenkt. Dette kan anten skje på bakgrunn av samarbeidsavtalar med kommunane/innkjøpssamarbeida i regionen, eller på ein meir uformell måte gjennom dei kanalane vi allereie har.

Gruppa tilrår at samarbeid med NDLA fortsetter i sin noverande form

Tilrådinga til gruppa vil ha størst konsekvensar for kommunane i Sogn og Fjordane. Kommunane har blitt godt informert i løpet av første halvår 2018 om prosessen. Dette har skjedd i skriv og møte via KS Sogn og Fjordane og gjennom SFFI. Det har blitt signalisert at Flora kommune kan tenkje seg å ta over vertsrolla. Det er også mogleg at nokre av dei nye og større kommunane ønskjer å ta eit større grep om sine egne og regionen sine anskaffingar. Det er viktig at kommunane får beskjed så snart som mogleg om kva den nye fylkeskommunen gjer. I tilfellet fylkeskommunen trer ut av samarbeida, er dette tenkt frå 01.01.20, men på ein så smidig måte som mogleg. Vi vil uansett ha felles avtalar nokre år etter 2020.

9.2. Vidare handsaming – vurdering mot andre tema

Da innkjøpssamarbeidet er politisk forankra i innkjøpsstrategien til Sogn og Fjordane fylkeskommune, rår gruppa at saka vert handsama på politisk nivå.